



Dei Kreative samla i bedehuskjellaren i kveld, med innspurt i ugleproduksjon på programmet

Dei Kreative står det i haustprogrammet for bedehuset i Uskedalen og kven er så dei? Jau, ein sjekk i kveld konkluderte med at det krevjande namnet gøymde ein omfattande produksjon av kattuglar av tøy. Kreativiteten var imponerande. Og som så mange andre tiltak same staden er det Nelly Kjærland som er primus motor. Under neste møte varslar ho dropsproduksjon.



Nelly har sjølv vore meister for uglemor med born -

Det var i fjor vi starta med dette, fortalde ho.

- Og kva var grunnen til at Dei Kreative såg dagens ljøs?- Vi ville at også andre skulle komma i bedehuset enn dei som er her til vanleg.

Vi kjem saman annankvar veke - på torsdagar, opplyste Nelly som denne gongen hadde 14 med seg i ugleproduksjonen.

Oppslutnaden var med andre ord imponerende.

Uglejobben starta under treffet for 2 veker sidan og vart fullført ikveld.

- Kva slags ugler er det dykk eigentleg har laga?

- Det overlet vi til uskedalen.no å finne ut av!

Utifrå den store ornitologiske kunnskap vi sit inne med på Neset tyder alt på at det er kattugler som har sett dagens ljøs i bedehuset. Hvis du tek ein tur rundt i området når sola har gått ned, vert det også bekrefta som ei logisk og riktig satsing.

Då er det kattuglar å høyra både her og der!



Under:Meister for denne ugla er Selma Ovidia Guddal Tarberg Tekst,

foto og nett: Ola Matti Mathisen



Over: Koseleg å vera med besta og lage ugler! Dette er Sella og Ella Karina Hjørnevåg.